



## **DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2013**

Voss, 23. januar 2014  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2013

## FRAMLEGG OM 53 KR I UTBYTTE

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2013. Innteninga på ordinær bankdrift er god, og kostnadane er redusert samanlikna med fjoråret. Fjoråret hadde nokre ekstraordinære kostnader knytt til konverteringa til nye IT-system i Eika-gruppen, men teke omsyn til veksten er kostnadsutviklinga likevel positiv og noko betre enn budsjett. Banken syner ein auke i resultat før skatt på 2,4 mill. kr til 30,2 mill. kr, mot 27,8 mill. kr året før. Resultatet utgjer 0,87% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 0,84% for 2012. Etter skatt er resultatet i år 22,8 mill. kr, mot 20,9 mill. kr. i 2012, som i % av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer 0,66%, mot 0,63% i 2012.

Styret i banken gjer framlegg om å utbeta 53 kr i utbytte pr. aksje for 2013, mot 45 kr i fjor.

Sjølv med sterkt konkurransesamfunn om kundane, noko som set press på rentemarginen, og framleis høge fundingkostnader, opplever banken ei god utvikling i den ordinære bankdrifta. Veksten siste året er i utlåna 7,6%, innskota 5,3% og rådveldekapitalen 4,8%. Veksten skuldast gode og stabile tilhøve i nærmarknaden vår. Satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank med lite gebyr og høgt servicenivå, har resultert i god tilgang på nye kundar.

Gjennom vårt eigarskap i Eika-gruppen har me i løpet av 2013 fått distribusjonsavtalar med alle produktelskapa innan Eika. Dette gjer vårt produkt- og tenestespekter meir komplett. Me leverer gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort samt leasing, noko kundane set pris på. Gjennom Eika-gruppen tek me også del i ei vidare utvikling og satsing innan digitale kundeflater som App, nettbank og mobilbank.

Me bokfører netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 2013 med 74,0 mill. kr, ein auke på 3,7 mill. kr i forhold til 2012. Rentenettoen i 2013 er 2,13% av gjennomsnittleg rådveldekapital, som er identisk med rentenettoen for 2012. Tek ein omsyn til at netto renteinntekter er belasta med 2,0 mill. kr i ekstra sikringsfondsavgift for 2013, som utgjer 0,6%, er rentenettoen i 2013 2,19% mot 2,13% i 2012.

Hovudindeksen på Oslo Børs er auka med 23,6% i løpet av 2013. Totalt vart resultatet av bokført netto utbytte, vinst og verdiendringar på verdipapir i handelsporteføljen 1,6 mill. kr, mot 3,7 mill. kr i fjor. Den svake utviklinga skuldast at ein valde å ta kurstop i nokre enkelt aksjar som hadde hatt lengre tid med negativ kursutvikling. Utviklinga i obligasjonsporteføljen har vore positiv med ein verdiauke på 1,9 mill. kr i 2013, mot ein verdireduksjon på 2,2 mill. kr i 2012.

Total driftskostnader er redusert med 1,9 mill. kr frå 46,4 mill. kr i 2012 til 44,5 mill. kr i 2013. Framleis ligg det inne 4 mill. kr i ekstra avskrivingskostnader knytt til konverteringa til Eika IT system. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2013 1,28% mot 1,41% i 2012.

I 2013 bokfører banken nedskrivningar på utlån og garantiar med 3,2 mill. kr, mot 3,1 mill. kr i 2012. Av kostnadsføringa skriv 0,5 mill. kr seg frå auke i nedskrivningar på grupper av utlån. Konstaterte tap i 2013, som tidlegare er nedskrive, utgjer 2,1 mill. kr, mot 0,5 mill. kr i 2012.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 3,00% til 2,47%. Styret føler seg trygg på at nedskrivingane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Samla individuelle nedskrivingar på utlån utgjer 0,92% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevise nedskrivingar 0,59%.

Den jamne gode veksten i rådveldekapitalen held fram. Auken i år er på 164 mill. kr, eller omlag 4,8%, og rådveldekapitalen pr. 31.12.13 er 3.541 mill. kr.

Veksten i innskota i 2013 er banken nøgd med. Innskot frå kundar har auka med 119 mill. kr til 2.351 mill. kr, eller 5,3%. Innskot utgjer 76,7% av brutto utlån, mot 78,3% ved førre årsskiftet.

Samla brutto utlån til kundar ved utgangen av 2013 er 3.066 mill. kr mot 2.849 mill. kr i fjar, ein vekst i år på 217 mill. kr eller 7,6%. Den gode veksten i utlåna syner at banken sjølv med stor konkurranse i marknaden, har vilkår som kundane våre finn tenlege.

Resultatet for 2013 fører til at banken styrker eigenkapitalen med 22,8 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 328 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 18,99%.

Ved børsslutt 31.12.13 var kurseren på banken sine aksjar 2.050 kr. Resultat i år utgjer 240 kr pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 3.454 kr.

Det har vore stor aktivitet i samband med ferdigstilling av Vossapakko og Hardangerbrua i løpet av 2013. Dette har gjeve positive ringverknader for næringslivet i vårt marknadsområde. Hytte- og fritidsmarknaden er framleis i vekst, og me må vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom, som gjev godt arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Forbruket held seg framleis på eit høgt nivå og investeringslysta er god blant verksemndene.

Med store delar av Vossapakko som vart ferdigstilt på slutten av året og Hardangerbrua på plass, gjev dette moglegheiter for å binda dei indre delane av Hordaland enno tettare saman. Voss som regionsenter har alle føresetnader for å vekse og utvikle seg vidare. Vangstunnelen skaper både moglegheiter og utfordringar for Voss sentrum, men med fleire gode initiativ frå næringslivet, kommunen og Destinasjon Voss, og som også banken har støtta opp om, skulle alt liggje til rette for ei vidare positiv utvikling for sentrum.

Gjennom eigarskapen i Eika-gruppen fekk me tilgang til bustadfinansiering gjennom Eika Boligkreditt i 2013, der me også kan tilby fastrentelån til våre kundar. Eika Boligkreditt gjev oss moglegheiter til framleis å kunne tilby konkurransedyktige vilkår på bustadfinansiering, og samtidig kunne ta ein betydeleg vekst vidare utan å måtte hente inn meir kapital.

VM i Freestyle i 2013 vart ein stor suksess for arrangørbygda Voss. I 2014 står NM i skiskyting for tur. Dette saman med dei faste kultur og idrettsarrangementa gjev mykje positiv omtale for bygda, og flotte TV bilete bidreg til marknadsføring nasjonalt og internasjonalt. Banken har vore stolt sponsor og bidragsytar til fleire av desse arrangementa og anlegga, noko som kjem heile bygda til gode.

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2013

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksels- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt i år med 30,2 mill. kr, mot 27,8 mill. kr ved utgangen av fjoråret. Resultatet tilsvrar 0,87% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,84% i fjor.

For 4. kvartal isolert er resultatet før skatt 8,9 mill. kr (1,02% av GFK) mot 5,7 mill. kr (0,68% av GFK) i fjor. Etter skatt er kvartalsresultatet 7,2 mill. kr (0,82% av GFK), mot 3,9 mill. kr (0,47% av GFK) i 4. kvartal i fjor. Resultatauknen i kvartalet kjem frå positiv vekst i netto renteinntekter, lægre kostnader og høgare provisjonsinntekter.

## RENTEMARGIN

Renteinntektene i år syner ein stigande trend, og banken bokfører netto renteinntekter på 74,0 mill. kr, ein auke på 3,7 mill. kr i år. Rentemarginen i år er 2,13%, dvs. lik med fjoråret. Dersom ein korrigerer for at me er belasta med 2,0 mill. kr i ekstra sikringsfondsavgift, som på årsbasis utgjer ein reduksjon i rentemarginen på 0,6 %-poeng, er rentenettoen i år 2,19%.

I 4. kvartal er netto renteinntekter auka med 1,2 mill. kr til 20,6 mill. kr, samanlikna med 4. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er rentemarginen 2,33% mot 2,30% i 4. kvartal i fjor.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sine papir investert på Oslo Børs har i år hatt ei svak utvikling. Ved årsskiftet har banken samla inntektsført netto utbyte og verdiendringar med 1,6 mill. kr, mot 3,7 mill. kr ved årsskiftet i fjor. For 4. kvartal isolert kostnadsfører banken netto utbyte og verdiendringar med 1,2 mill. kr, som er det same som for 4. kvartal i fjor.

Banken si portefølje av obligasjonar og anleggsaksjar ført som finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal, har i 2013 hatt ei positiv utvikling. I 2013 har den hatt ein verdiauke på 2,2 mill. kr mot ein verdireduksjon på 2,2 mill. kr i 2012. Verdiendringane er ført over eigenkapitalen.

## DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er driftskostnadane på 10,5 mill. kr, mot 12,3 mill. kr for 4. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,20%, mot 1,46% i fjor.

Pr. 31.12.13 bokfører banken samla driftskostnader med 44,5 mill. kr (1,28% av GFK), mot 46,4 mill. kr (1,41% av GFK) ved årsskifte i fjor, noko som er i underkant av budsjettete tal.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,8 mill. kr som er same nivå som 4. kvartal i fjor.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av året er på 22,3 mill. kr, mot 31,9 mill. kr ved utgangen av fjoråret. I % av brutto utlån utgjer dette 0,73% pr. 31.12.13, mot 1,12% pr. 31.12.12. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

## RÅDVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen auka med 32 mill. kr, eller 0,9 %, til 3.541 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 164 mill. kr, eller 4,8%.

## **INNSKOT**

I 4. kvartal er innskota auka med 64 mill. kr eller 2,8%, mot ein auke i 4. kvartal i fjor på 98 mill. kr eller 4,6%.

Pr. 31.12.13 er innskot frå kundar på 2.351 mill. kr mot 2.232 mill. kr pr 31.12.12, ein auke på 119 mill. kr eller 5,3%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av året på 76,7% av brutto utlån, mot 78,3% på same tid i fjor.

## **UTLÅN**

Banken opplever god vekst i utlån og bokfører i 4. kvartal ein auke i brutto utlån på 21 mill. kr, eller 0,7%, mot ein reduksjon på 8 mill. kr (0,3%) i 4. kvartal i fjor.

Ved årsskiftet i år er brutto utlån til kundar på 3.066 mill. kr, mot 2.849 mill. kr ved årsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke siste 12 månadane på 217 mill. kr eller 7,6%.

Banken har i 2013 formidla 30 mill. kr via Eika Boligkreditt.

## **LIKVIDITET**

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.351 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 310 mill. kr eller berre omlag 13%.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel II reglane er 379,3 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,99%. Kjernekapitalen er samstundes 320,0 mill. kr, eller 16,02%. I høve til minimumskrava er overdekninga 219,5 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved årsskiftet er 14,27%.

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPrINSIPP**

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

## **UTSIKTENE FOR 2014**

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Me forventar at rentenivået me har i dag vil halde seg nokolunde stabilt framover. For å kunna styrka banken sin eigenkapital i tråd med nye krav frå styresmaktene, og motverka auka innbetaling til Bankenes Sikringsfond gjennomførte banken i august 2013 ein moderat renteauke på utlån. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

## **FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF**

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2013 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finanzielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i hele NOK 1.000

	4. kv. 2013	4. kv. 2012	31.12.13	31.12.12	31.12.11
Renteinntekter og liknande inntekter	39.687	38.144	150.798	146.785	133.247
Rentekostnader og liknande kostnader	19.132	18.836	76.853	76.523	69.276
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>20.555</b>	<b>19.308</b>	<b>73.945</b>	<b>70.262</b>	<b>63.971</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	0	1.108	2.538	2.655
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.680	1.205	5.511	4.781	5.375
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-819	-917	-3.232	-2.351	-2.083
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-1.242	-1.196	482	1.223	-2.636
Andre driftsinntekter	78	303	105	819	819
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>-303</b>	<b>-605</b>	<b>3.974</b>	<b>7.010</b>	<b>4.130</b>
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>20.252</b>	<b>18.703</b>	<b>77.919</b>	<b>77.272</b>	<b>68.101</b>
Personalkostnader	5.401	6.596	20.354	20.272	18.461
Administrasjonskostnader	2.448	4.805	13.344	14.876	13.514
Ordinære avskrivningar	1.702	579	6.599	6.232	2.389
Andre driftskostnader	980	291	4.197	4.981	6.176
<b>Sum kostnader</b>	<b>10.531</b>	<b>12.271</b>	<b>44.494</b>	<b>46.361</b>	<b>40.540</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>9.721</b>	<b>6.432</b>	<b>33.425</b>	<b>30.911</b>	<b>27.561</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	773	718	3.222	3.062	2.469
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>773</b>	<b>718</b>	<b>3.222</b>	<b>3.062</b>	<b>2.469</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>8.948</b>	<b>5.714</b>	<b>30.203</b>	<b>27.849</b>	<b>25.092</b>
Skatt på ordinært resultat	1.712	1.777	7.411	6.992	7.661
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>7.236</b>	<b>3.937</b>	<b>22.792</b>	<b>20.857</b>	<b>17.431</b>
<b>Andre inntekter og kostnader</b>					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	497	-780	2.159	-2.173	139
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-68	210	-534	141	-50
<b>Sum andre postar</b>	<b>429</b>	<b>-570</b>	<b>1.625</b>	<b>-2.032</b>	<b>89</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>7.665</b>	<b>3.367</b>	<b>24.417</b>	<b>18.825</b>	<b>17.520</b>
Resultat pr. aksje	76,17	41,44	239,92	219,55	183,48
Utvatna resultat pr. aksje	76,17	41,44	239,92	219,55	183,48

## BALANSE

### EIGNELUTAR

		Alle tal i heile NOK 1.000	
	<b>31.12.13</b>	31.12.12	31.12.11
Kontantar og fordringar på sentralbankar	102.942	72.360	164.680
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	31.352	118.981	26.206
Netto utlån og fordringar på kundar	3.020.152	2.804.073	2.609.003
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	270.437	253.668	281.346
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	51.237	60.149	50.210
Immaterielle eignelutar	15.997	20.000	0
Finansielle derivat	514	406	0
Varige driftsmidlar	37.865	37.770	37.705
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	10.109	9.671	11.642
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>3.540.605</b>	3.377.078	3.180.792

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kreditinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.350.749	2.232.207	2.103.353
Obligasjons- og sertifikatgjeld	741.525	711.577	666.191
Finansielle derivat	674	643	501
Utsett skatt	2.531	2.270	2.906
Anna gjeld	15.791	20.016	14.906
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	9.552	11.004	8.930
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.638	6.311	6.518
Ansvarleg lånekapital	85.000	85.000	84.440
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.212.460</b>	3.069.028	2.887.745

### EIGENKAPITAL

#### *Innskoten eigenkapital*

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-19	-16	-15
Sum innskoten eigenkapital	9.481	9.484	9.485
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	318.664	298.566	283.562
Sum opptent eigenkapital	318.664	298.566	283.562
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>328.145</b>	308.050	293.047

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Garantiansvar	75.746	51.276	34.869
Pantsetjingar	70.310	61.153	67.395
Eigenkapitaldekning	18,99 %	19,19 %	18,80 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.467.884	3.296.371	3.016.305

Voss, 23. januar 2014

Styret i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel  
Styreformann  
Åse-Karin Tennebekk  
Dagfinn Gjøstein  
Stein Kvarekval  
Norvald Fretheim  
Einar Larsen  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivingar  
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar  
 Endring i gruppevisе nedskrivingar  
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

	Alle tal i heile NOK 1.000	
	31.12.13	31.12.12
534	1.790	-4.518
0	0	-130
500	820	2.750
2.078	480	5.119
196	41	2
-86	-69	-754
<b>3.222</b>	<b>3.062</b>	<b>2.469</b>

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån  
 Individuelle tapsnedskrivingar  
**Netto misleghaldne lån**  
 Andre tapsmerka engasjement  
 Individuelle tapsnedskrivingar  
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån  
**Netto tapsutsette engasjement**

24.840	37.338	27.528
2.503	5.455	3.285
<b>22.337</b>	<b>31.883</b>	<b>24.243</b>
79.117	75.905	62.716
25.687	22.201	22.530
<b>53.430</b>	<b>53.704</b>	<b>40.186</b>
<b>75.767</b>	<b>85.587</b>	<b>64.429</b>

## SPESIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån  
 Amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar  
 Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar  
 Gruppevisе nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar  
 Netto utlån til kundar

3.066.418	2.849.305	2.651.574
0	0	993
-28.190	-27.656	-26.808
-18.076	-17.576	-16.756
<b>3.020.152</b>	<b>2.804.073</b>	<b>2.609.003</b>

## KAPITALDEKNING

	31.12.13		31.12.12		31.12.11	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	0	0	0	0	516	41
Institusjonar	32.014	2.561	68.004	5.440	65.217	5.217
Føretak	405.540	32.443	325.886	26.071	579.288	46.343
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.228.888	98.311	1.136.304	90.904	766.336	61.307
Forfalne engasjement	20.710	1.657	18.292	1.463	66.539	5.323
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.522	442	5.532	443	10.998	880
Andelar i verdipapirfond	3.915	313	6.070	486	7.445	596
Andre engasjement	183.841	14.707	189.723	15.178	316.692	25.335
<b>Sum kreditrisiko</b>	<b>1.880.430</b>	<b>150.434</b>	<b>1.749.811</b>	<b>139.985</b>	<b>1.813.031</b>	<b>145.042</b>
Operasjonell risiko	135.137	10.811	133.037	10.643	126.838	10.147
Frådrag for gruppevisе nedsrivingar	-18.076	-1.446	-17.576	-1.406	-16.756	-1.340
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
<b>Samla kapitalkrav</b>	<b>1.997.491</b>	<b>159.800</b>	<b>1.865.272</b>	<b>149.222</b>	<b>1.923.113</b>	<b>153.849</b>
Innbetalt aksjekapital		9.500		9.500		9.500
- eigne aksjar		-19		-15		-15
Annan eigenkapital		291.533		274.245		257.657
Fondsobligasjonar		35.000		35.000		34.440
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel		-15.997		-20.000		0
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar		0		0		0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>320.017</b>	<b>16,02</b>	<b>298.730</b>	<b>16,02</b>	<b>301.582</b>	<b>15,68</b>
Herav rein kjernekapital	<b>285.017</b>	<b>14,27</b>	<b>263.730</b>	<b>14,14</b>	<b>267.142</b>	<b>13,89</b>
Fond for urealiserete verdiendringar		9.308		9.195		9.914
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital		50.000		50.000		50.000
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar		0		0		0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>59.308</b>	<b>2,97</b>	<b>59.195</b>	<b>3,17</b>	<b>59.914</b>	<b>3,12</b>
Sum ansvarleg kapital	<b>379.325</b>	<b>18,99</b>	<b>357.925</b>	<b>19,19</b>	<b>361.496</b>	<b>18,80</b>

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året

Utbetalt utbytte førre år

Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal

Kjøp / sal eigne aksjar

Resultat i perioden

**Eigenkapital ved periodeslutt**

	31.12.13	31.12.12	31.12.11
	308.050	293.047	280.685
	-4.250	-3.800	-4.940
	1.625	-2.032	89
	-72	-22	-218
	22.792	20.857	17.431
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>328.145</b>	<b>308.050</b>	<b>293.047</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar

Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar

Andre innbetalingar

Driftsutbetalingar

Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap

Utbetalt utbytte

Betalte skattar

**Tilført frå verksemda**

Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar

Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar

Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kreditinstitusjonar

Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld

Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar

Auke (-) / reduksjon (+) i kortsliktige verdipapir

Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kreditinstitusjonar

Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld

Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital

Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar

**Netto kontantsraum frå dagleg finansiell verksemd**

Investert i varige driftsmidlar

Investert i immatrielle eignelutar

Avgang varige driftsmidlar, til salssum

Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir

**Netto kontantsraum frå investeringar**

Netto endring likvidar

Likviditetsbeholdning ved inngangen til året

**Likviditetsbeholdning ved periodeslutt**

**Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:**

Kontantar og fordringar på sentralbankar

Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid

**Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt**

Alle tal i heile NOK 1.000

	2013	2012	2011
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar	158.796	157.681	143.318
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	-80.436	-78.083	-69.397
Andre innbetalingar	2.504	4.439	3.586
Driftsutbetalingar	-36.596	-43.581	-40.848
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterete tap	86	69	754
Utbetalt utbytte	-4.275	-3.800	-4.940
Betalte skattar	-7.705	-6.964	-5.491
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>32.374</b>	<b>29.761</b>	<b>26.982</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-217.024	-198.252	-245.550
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	112.346	128.854	170.564
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kreditinstitusjonar	1	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	29.947	45.386	69.191
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-59	-29	-37
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsliktige verdipapir	-8.578	26.288	-31.732
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kreditinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-4.250	4.704	1.701
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar	-83	0	-217
<b>Netto kontantsraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>-87.701</b>	<b>6.951</b>	<b>-36.080</b>
Investert i varige driftsmidlar	-4.581	-2.581	-9.155
Investert i immatrielle eignelutar	0	-23.715	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	301	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	2.560	-9.961	117.442
<b>Netto kontantsraum frå investeringar</b>	<b>-1.720</b>	<b>-36.257</b>	<b>108.287</b>
Netto endring likvidar	-57.047	455	99.189
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	191.341	190.886	91.697
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>134.294</b>	<b>191.341</b>	<b>190.886</b>